

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 167/2022

2022/EØS/66/03

av 10. juni 2022

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2051 av 24. november 2021 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus velezensis* PTA-6507, *Bacillus velezensis* NRRL B-50013 og *Bacillus velezensis* NRRL B-50104 som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekalkunar (innehavar av godkjenninga: Danisco Animal Nutrition, som er representert ved Genencor International B.V.)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2080 av 26. november 2021 om godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat framstilt ved gjæring med *Escherichia coli* NITE SD 00268 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar bortsett frå fisk⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2090 av 25. november 2021 om avslag på godkjenning av titandioksid som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel II, etter nr. 435 (Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2094), skal nye nummer lyde:

- ”436. **32021 R 2051:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2051 av 24. november 2021 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus velezensis* PTA-6507, *Bacillus velezensis* NRRL B-50013 og *Bacillus velezensis* NRRL B-50104 som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekalkunar (innehavar av godkjenninga: Danisco Animal Nutrition, som er representert ved Genencor International B.V.) (EUT L 420 av 25.11.2021, s. 19).
437. **32021 R 2080:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2080 av 26. november 2021 om godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat framstilt ved gjæring med *Escherichia coli* NITE SD 00268 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar bortsett frå fisk (EUT L 426 av 29.11.2021, s. 23).
438. **32021 R 2090:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2090 av 25. november 2021 om avslag på godkjenning av titandioksid som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 427 av 30.11.2021, s. 160).”

⁽¹⁾ TEU L 420 av 25.11.2021, s. 19.

⁽²⁾ TEU L 426 av 29.11.2021, s. 23.

⁽³⁾ TEU L 427 av 30.11.2021, s. 160.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2021/2051, (EU) 2021/2080 og (EU) 2021/2090 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. juni 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 10. juni 2022.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.